



LINDÅS KOMMUNE
Interne stabstenester

Melding om vedtak

Det Kgl Miljøverndepartement

Postb 8013 Dep
0030 OSLO

Dykkar ref.

Vår ref.

2009/1436 - 19378/2009

Inger- Marie Nordland

Arkivkode

L14

Dato

01.09.2009

Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen- høyring.

Vedlagt fylgjer saksutgreiing med vedtak.

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. Lov om offentleg forvaltning.

Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen du mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut.

Klagen kan sendast skriftleg til avdelinga som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Namn på sakshandsamar går fram av vedlagte sak. Ved eventuelle spørsmål kan sakshandsamar kontaktast via kommunen sitt sentralbord.

Med helsing

Inger- Marie Nordland
administrasjonssekretær



Utvalssak nr.	Utval	Møtedato
191/09	Plan- og miljøutvalet	26.08.2009
73/09	Formannskapet	27.08.2009
216/09	Plan- og miljøutvalet	02.09.2009

Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen- høyring.

Saksdokument vedlagt:

Høyringsbrev dagsett 29.juni 2009 med utkast til retningslinjer

Saksutgreiing:

Saka går til uttale i plan og miljøutvalet

Saka skal avgjerast endeleg i formannskapet

Miljøverndepartementet har ved skriv dagsett 29. juni 2009 sendt vedlagt framlegg til retningslinjer til høyring med frist 4. september 2009, dvs at kommunestyret får ikkje handsama saka innan tidsfristen.

Framlegget til retningslinjer deler landet i to: sentrale områda med stort press på areala og område med mindre press på areala. Lindås kommune er plassert i dei sentrale deler av landet der presset på areala er stort og som får innskjerpa regelverk for handsaming av tiltak i strandsona. Innskjerpinga gjeld spesielt nye tiltak, men skal ikkje vera til hinder for ombygging/oppattføring etter brann/ulykke av driftsbygg/gardstun innafor landbruket. Det vil i stor grad vera kommuneplanen som avgjer bruken av strandsona. Det vil verta vanskelegare å leggja ut nye utbyggingsområde i strandsona. Dispensasjonar vert det ikkje lettare å oppnå.

Vurdering:

Kommunen har under dei siste åra vore underlagt klare restriksjonar frå Fylkesmannen si side, både når det gjeld arealdiponering i kommuneplanssamanhang og i søknader om dispensasjon. Kommunen har på si side og ført ein restriktiv politikk, men har likevel i visse tilfelle ynskt å vera meir liberal der ein lokalt meiner det ikkje hindrar eller er til skade for ålmenta eller andre interesser som bør takast omsyn til. Vern om strandsona har stor forståing i kommunen, men omsynet til å kunna nytta desse ressursane til innbyggjarane sitt beste står og sentralt. Lindås kommune har ei omfattande strandsona og ei ytterlegare skjerpa haldning er vanskeleg å akseptera. Ut frå ein gjennomgang av dei nye retningslinjene synes det vera rom for å halda fram med om lag den forvaltninga av strandareala som har vore praktisert dei siste åra. Dei fleste utbyggingar vil kreva reguleringsplan og samsvar med kommuneplan. Dette fører til at planlegginga av strandsona må gjerast meir detaljert for å få fram nye tiltak. Dette auka plankravet vil verta ei stor utfordring i komande rullering av arealdelen i kommuneplanen og det må vurderast å utarbeida eigen strandsonedel til neste rullering. Inndelinga i Hordaland verkar merkeleg og retningslinjene vil lett føra til at det vert lagt opp til kunstige skiljer som berre fører presset over på nye område.

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Lindås kommune rår frå ytterlegare innskjerping av forvaltninga av strandsona i høve den politikk som har vore ført av staten v/Fylkesmannen siste åra. Kommunane er klart merksame på at denne ressursen må takast vare på, men og strandsona må kunna nyttast ut med nye tiltak når dette klart ikkje fører til ulempe for friluftslivet og andre interesser. Å differensiera kommunevis er etter Lindås kommune sitt syn lite tilpassa geografien på Vestlandet. I staden for nye retningslinjer bør det vera greitt med at kravet til ny utbygging må vera samsvar med godkjent kommuneplan der overordna myndigheiter har sine klare kontroll muligheiter.

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 26.08.2009

Saka vert utsett til ekstramøte 02.09.2009

Samrøystes

Uttale i Plan- og miljøutvalet - 26.08.2009

Saka er utsett til 02.09.2009

Handsaming i Formannskapet - 27.08.2009

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

Uttale i Formannskapet - 27.08.2009

Lindås kommune rår frå ytterlegare innskjerping av forvaltninga av strandsona i høve den politikk som har vore ført av staten v/Fylkesmannen siste åra. Kommunane er klart merksame på at denne ressursen må takast vare på, men og strandsona må kunna nyttast ut med nye tiltak når dette klart ikkje fører til ulempe for friluftslivet og andre interesser. Å differensiera kommunevis er etter Lindås kommune sitt syn lite tilpassa geografien på Vestlandet. I staden for nye retningslinjer bør det vera greitt med at kravet til ny utbygging må vera samsvar med godkjent kommuneplan der overordna myndigheiter har sine klare kontroll muligheiter.